



Anne Reidun Haaland  
Måseskjæret 18  
5035 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1012 - 17/13812

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
23.05.2017

## Løyve til frådelling av parsell - gbnr 137/38 Alver



**Administrativt vedtak. Saknr: 233/17**

### Tiltakshavar:

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Det vert søkt om å dela frå 11 daa frå gbnr 137/38. Parsellen ligg innanfor reguleringsplanen Kubbaleitet. Arealet er i reguleringsplanen avsett til vegføremål, bustadføremål, naustområde, kai, naturområde og areal for leik og uteopphald. Sommerro Panorama AS er kjøpar.



Det vert elles vist til søknad mottatt 20.03.2017.

### Sakshandsamingsfrist



Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.03.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Parsellane ligg innanfor område omfatta av reguleringsplanen Kubbaleitet med arealplan-ID: 1263-201215.

Søknaden omfattar delar av område f\_L4, f\_L5, f\_L7 og heile område f\_L6 som er sett av til leikeplassar, delar, f\_U1 som er sett av til uteopphaldsareal, delar av felles naturføremål f\_Na1, heile område N3 som er avsett til naust og K5 kai, delar av BB2 og heile BB4 som er sett av til byggjeområde for bustadblokker , f\_P2 som er felles parkering for BB2 og delar av arealet som er sett av til offentleg veg o\_V5 og felles veg f\_V7.

### **Nabovarsel**

Søknaden om frådelling er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonskart datert 28.02.2017.

### **Veg, vatn og avløp**

Området skal knytast til offentleg vass- og avlaupsanlegg.

Området får avkjøring til kommunal veg i samsvar med reguleringsplanen.

Det er inngått utbyggingsavtale mellom Lindås kommune og utbygger Sommerro Panorama AS, jf vedtak fatta i kommunestyret 09.03.2017, saknr 009/17. Tilkomst, vassforsyning og avlaupshandtering synast sikra i samsvar med pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4 ved inngått utbyggingsavtale, jf punkt 2.5 i reguleringsføresegnene.

### **VURDERING:**

Framtidige tomtegrenser innanfor planområdet er delvis fastsett gjennom plan. Administrasjonen legg til grunn at framtidige tomtegrenser skal følgja føremålsgrenser fastsett i plan der tomtegrenser ikkje er fastsett.

Parsellen som ein søker frådelt grensar i vest mot gbnr 137/185 og i aust til gbnr 137/68, 77, 78 som kjøpar Sommerro Panorama AS også eig. Tomtegrensene mellom omsøkt parsell og desse parsellane er i planen vist som eigedomsgrenser som skal utgå.

Ny tomtegrense mot nord skal følgja grensa mot gbnr 137/487 og vidare gå i rett linje til grensa møter grenselinja mot gbnr 137/521, jf situasjonskart datert 28.02.2017.

Grenselinja mellom den nye parsellen og gbnr 137/487 burde følgja føremålsgrense mot arealet som er fastsett til anna veggrunn langs veg f\_V7. Dette arealet skal i følgje reguleringsplanen punkt 4.2.4 vera felles for dei eigedomane som vegen er felles for. Kommunen vil ved oppmåling av den nye parsellen kunne justera grensa mot gbnr 137/487 slik at grenselinja og føremålsgrensa er samanfallande dersom partane er einige om det.

Vidare skal grenselinja følgja føremålsgrensa mot byggjeområdet BF5 og derfrå følgja føremålsgrensa for f\_V7 fram til ny grenselinje treff eksisterande grenselinje mot gbnr 137/521.

Slik søknaden ligg føre vil omsøkte deling stykka opp arealføremåla slik dei er godkjend innanfor planområdet. Administrasjonen vurderer at intensjonen i planen vert oppfylt dersom det ved godkjenning av frådelinga vert sett krav om at den nye parsellen vert slått saman med gbnr 137/185 og gbnr 137/68, 77,78.

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4, jf §§ 20-2 og 20-1 bokstav m, vert det gjeve løyve til oppretting av ny parsell på følgjande vilkår:**

**Parsellen si grenselinje mot nord skal følgja grenselinja mot gbnr 137/487, vidare gå langs føremålsgrensa for BF5 og derfrå følgja føremålsgrensa for f\_V7 fram til ny grenselinje treff eksisterande grenselinje mot gbnr 137/521.**

**Parsellen sin nøyaktige storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**

**Det er eit vilkår at ny parsell vert samanslått med gbnr 137/185 og gbnr 137/68,77,78.**

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Sommerro Panorama AS

Osterfjordvegen 5914  
124

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Anne Reidun Haaland

Måseskjæret 18 5035

BERGEN

Arne Birger Alver

Isdalstøbakken 35 5911

ALVERSUND

Elin Sølvi Eriksen

Lønneveien 35 3179

ÅSGÅRDSTRAND

Liv Elisabeth Alver Bjørland

Revesporet 3 B 1362

HOSLE

Signe Kristin Alver Tønsaker

Isdalstøbakken 19 5911

ALVERSUND